



Utval:	<b>Kommunestyret</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund Sjukeheim
Dato:	30.04.2009
Tid:	15:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

**SAKSLISTE**

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkivsaknr</b>
PS 09/22	Underskrift	
PS 09/23	Godkjenning av protokoll	
PS 09/24	Referatsaker	
PS 09/25	Orienteringer / Open post	
PS 09/26	Forvaltningsrevisjonsprosjekt	2009/223
PS 09/27	Etablering av Midsund Friluftsråd	2009/132
PS 09/28	Søknad om konsesjon på kjøp av Drynasundhaug,gnr 114, bnr 1 i Midsund. Klage på vedtak i Midsund kommune.	2008/432
PS 09/29	Kommuneplan for Midsund 2010-2022, vedtak planprogram	2009/59

Midsund, 22.04.2009

Helge Orten  
Ordfører

Gunn Hole  
sekretær

**PS 09/22 Underskrift**

**PS 09/23 Godkjenning av protokoll**

## **PS 09/24 Referatsaker**

**PS 09/25 Orienteringer / Open post**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

**Arkivsak:** 2009/223-2

**Arkiv:**

**Saksbeh:** Geir J. Göncz

**Dato:** 22.04.2009

## Saksframlegg

### Forvaltningsrevisjonsprosjekt

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/26	Kommunestyret	30.04.2009

### Forslag til vedtak:

### Saksutgreiing:

Vedlagt følger særutskrift frå sak 13/09 i kontrollutvalet i Midsund kommune om forvaltningsprosjekt sjølvkostprinsippet innan vatn, avløp og slamtømming. Jf. kommunelovens § 5 innstille Kontrollutvalet til kommunestyret.

Geir J. Göncz  
Rådmann

**Vedlegg (prenta):** Særutskrift sak 13/09

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2009/132-2

Arkiv:

Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen  
Orvik

Dato: 03.04.2009

**Saksframlegg**

**Etablering av Midsund Friluftsråd**

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/26	Formannskapet	21.04.2009
09/27	Kommunestyret	30.04.2009

**Forslag til vedtak:**

1. Midsund Friluftsråd vert etablert. Invitasjon til deltaking går til som er aktørar innan friluftsliv, næring, kultur, velforeiningar og organisert idrett i Midsund, jf vedlagte adresseliste.
2. Ein representant frå alle inviterte lag møtar på Allmøte, og av desse innstillast 6 faste og 6 vara som medlemmar av rådet. Innstillinga ligg til grunn for Kommunestyret sitt endelege val av medlemmar til rådet.
3. I tillegg utnemnast ein fast og ein vara av Formannskapet. Rådet sin leiar er Formannskapet sin representant. Rådet er på totalt 7 faste representantar.
4. Formannsskapet vel som sin representant ..... og sin vara .....
5. Rådet si samansetjing skal spegle dei interesser som allmøtet utarbeider til mandat.
6. Allmøtet utarbeider mandat for ein valperiode av gongen. Mandatet skal godkjennast av Kommunestyret. Rådet gjev årsmelding til Kommunestyret årleg.
7. Rådet har ei funksjonstid tilsvarande ein valperiode, og skal evaluerast i førekant av kommunevalet i 2011.
8. Rådmannen gjev sekretærhjelp til rådet.

## **Behandling i Formannskapet - 21.04.2009**

Forslag fremma av Ordførar Helge Orten (H):

*Frits Inge Godø blir valt som Formannskapets representant i Midsund Friluftsråd og Aslaug Jensen Sanden blir valt som vara for Frits Inge Godø i Midsund Friluftsråd.*

Votering : samrøystes som i forslag til vedtak.

## **Vedtak i Formannskapet - 21.04.2009**

1. Midsund Friluftsråd vert etablert. Invitasjon til deltaking går til som er aktørar innan friluftsliv, næring, kultur, velforeiningar og organisert idrett i Midsund, jf vedlagte adresseliste.
2. Ein representant frå alle inviterte lag møtar på Allmøte, og av desse innstillast 6 faste og 6 vara som medlemmar av rådet. Innstillinga ligg til grunn for Kommunestyret sitt endelege val av medlemmar til rådet.
3. I tillegg utnemnast ein fast og ein vara av Formannskapet. Rådet sin leiar er Formannskapet sin representant. Rådet er på totalt 7 faste representantar.
4. Formannskapet vel som sin representant Frits Inge Godø og sin vara Aslaug Jensen Sanden.
5. Rådet si samansetjing skal spegle dei interesser som allmøtet utarbeider til mandat.
6. Allmøtet utarbeider mandat for ein valperiode av gongen. Mandatet skal godkjennast av Kommunestyret. Rådet gjev årsmelding til Kommunestyret årleg.
7. Rådet har ei funksjonstid tilsvarande ein valperiode, og skal evaluerast i førekant av kommunevalet i 2011.
8. Rådmannen gjev sekretærhjelp til rådet.

## **Saksutgreiing:**

Saka var oppe til behandling i Midsund Formannskap 16.03.09 og i Midsund Kommunestyre 26.03.09. Saka vart sendt attende til administrasjonen med ønskje om prinsipielle avklaringar rundt ei slik skiping i høve;

- ✓ Kommunelova 1992:107 § 10 om faste utval
- ✓ Val av deltakarar i rådet, jf lova og saksframlegget
- ✓ Oppgåver/ mandat til rådet, jf saka og administrativ organisering
- ✓ Namn på rådet
- ✓ Økonomi i høve møtegodtgjersle og drift

## Vurdering:

Kommunelova av 1992 § 10 omhandlar faste utval og komitear. Etter 1.ledd kan Kommunestyret opprette faste utval og for kommunale formål eller for deler av den kommunale verksemd.

Eit kommunalt Friluftsråd som møtar med ein frekvens av 4 gonger i året eller meir vil vere eit fast utval, og oppgåvene som er skissert er alle oppgåver som i dag utførast av administrasjonen. Eit fast råd med brei representasjon frå frivillige aktørar som arbeider med desse sakene kan styrkje kvaliteten på arbeidet, gje meir aktivitet og eit breiare og meir demokratisk grunnlag for tildelingar og ressursar innan dette feltet.

Lova set krav om at eit slikt utval må ha minst tre medlemmar, og etter 2.ledd fastset Kommunestyret sjølv områder for dei faste utvala si verksemd. Slike utval kan tildelast avgjerslemynde i alle saker kor anna ikkje følgjer av lov.

I saka er det lista ein mengde kan-oppgåver, utan at denne lista kan forståast uttømande eller forpliktande. Det vart foreslått i saka at mandatet til rådet kunne eit samla Allmøte gje. Det vil då vere slik at eit slikt mandat må godkjennast av Kommunestyret for at dette skal vere i tråd med Kommunelova § 10 (2) og binde rådet.

Vedtek Kommunestyret å opprette eit slikt råd, må kommunestyret ved skiping av rådet fastsete området for utvalet si verksemd og om rådet skal ha avgjerslemynde i nokon saker. Eit mandat kan bestemmast av Kommunestyret ved oppretting av rådet eller arbeidast fram på stiftingsmøtet/ første Allmøte, og sidan leggast fram til endeleg godkjenning av Kommunestyret. Ved siste alternativ tek Kommunestyret atterhald om ettergodkjenning av mandat etter stiftingsmøtet ved oppretting av rådet.

Frå administrasjonen vil ein rå til at rådet ikkje har delegert avgjerslemynde i einskildsaker, men er aktiv høyringspart i alle saker som vedkjem ålmenta sine høve til friluftsliv. Vidare at rådet har innstillingsmynde i høve fordeling av midlar til friluftslivstiltak og prioriteringsrekkefølge for spelemidlar til idretts- og friluftslivsanlegg. Avgjerslemynde i slike saker ligg i dag til Kommunestyret for prioritering av spelemidlar, og til sakshandsamar for fordelinga av midlar/ eksterne tilskot til friluftslivstiltak og prioritering av innsats frå Nordmøre og Romsdal Friluftsråd på vegne av kommunen.

Etter § 10 (3) skal Kommunestyret sjølv velje medlemmar og varamedlemmar til utvalet, og blant medlemmane leiar og nestleiar. Ein praksis med at 1 medlem med vara vert valt frå Formannskapet og dei resterande 6 utpeikast på eit Allmøte der alle aktørar inviterast til å delta, vil krevje at Kommunestyret godkjenn eller forkastar tilrådinga frå Allmøtet. Korleis Kommunestyret kjem fram til kven som skal sitte i rådet er opent, men den endelege samansetjing og konstituering må godkjennast av Kommunestyret.

Midsund kommune har laga eit fast godtgjerslereglement for politisk arbeid, og eit slikt fast utval som skissert her vil inngå på lik linje med andre utval i gruppe B. Godtgjersla er i 2009 kr 269 per person per møte, med tillegg av 50 % meir til leiar per møte.

For eit råd med 7 personar som møtast ein gong i kvartalet (4 per år) vil dette utgjere:  
 $7 * 4 * \text{kr } 269 + (4 * 135) = \text{Kr } 8\,072$ . Dette må seiast å vere ein lav kostnad for den meiraktivitet og meirdemokrati rundt avgjersler ein får.

Som sagt i saka vil det kunne vere motstrid mellom ønskjer til anlegg for idrett, og anlegg til lav terskel fysisk aktivitet og friluftslivsanlegg. I Midsund kommune har ein over mange år satsa på utbygging og rehabilitering av anlegg for den organiserte idretten, og har over tid fått ein stor og svært bra idrettsanleggssituasjon. For dei store massane av folket er det likevel dei nære friluftslivsanlegg gjennom turstiar, turbokassar og turar langs fjøre og i fjell som gjev motivasjon til fysisk aktivitet i det daglege. Desse anlegga har ikkje vorte prioritert, og vi har mykje å ta igjen både når det gjeld etablering, skilting, merking, parkeringsplassar, toalett og rasteplassstilrettelegging. Rådmannen rår difor til at det er eit friluftsråd med klart mandat til dette, men med representasjon frå den organiserte idretten.

**Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Kr 10 000 i møtegodgjersle og drift av rådet.

Sekretærhjelp i frå rådmanns stab.

Geir J. Göncz  
rådmann

Ann-Heidi Paulsen Orvik  
rådgjevar

**Vedlegg (prenta):**

**Vedlegg (uprenta):**

K-sak 09/ 21 Etablering av Midsund Friluftsråd

**Særutskrift går til:**

Midsund Jeger og fiskeforeining v/ Oddbjørn Opstad, her  
Midsund IL v/ Kåre Bjørnerem, her  
Ræstad IL og velforeining v/ Palma Ræstad, her  
Rakvåg Skyttarlag v/ Ole Ståle Sandnes  
Midsund grunneigarlag (jakt), her  
Midsund slekt- og historielag v/ Kåre Magerøy, her  
Midsund Bondelag v/ Odd Helge Gangstad, her  
Midsund Reiselivslag v/ Rino Karlsen, her  
Midsund Vekst v/ Gunnar Kvalsund, her  
Søre Midøy vel v/ Anita Sandnes, her  
Nordre Midøy/ Blø vel v/ Anita Vølen, her  
Bøen vel v/ Wenche Rakvåg, her  
Ytre Midsund vel v/ Gunn Lech, her  
Aksla/ Ugelvik vel v/ Åshild Stølen Godø, her  
Røberg friområde v/ Jonny Høgset, her  
Raknes og omegn vel v/ Ingebjørn Orvik, her  
Rakvåg og Hole vel v/ Anna Lena Hole, her  
Nord Heggdal vel v/ Tormod Skarsbø, her  
Sør Heggdal vel v/ Aud Sylthe, her  
Tiriltoppen vel v/ Atle Indrebø, her  
Midsund kommune, landbruk v/ Nils Edvind Sanden  
Midsund kommune Eldreråd, Ungdomsråd, råd for funksjonshemma v/ leiarane  
Nordmøre og Romsdal Friluftsråd, 6631 Batnfjordsøra



**Midsund kommune**  
Teknisk

Arkivsak: 2008/432-11  
Arkiv: 114/1  
Saksbeh: Nils Edvin Sanden  
Dato: 14.04.2009

**Saksframlegg**

**Søknad om konsesjon på kjøp av Drynasundhaug, gnr 114, bnr 1 i Midsund. Klage på vedtak i Midsund kommune.**

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/28	Kommunestyret	30.04.2009

**Forslag til vedtak:**

Midsund kommune held fast på vedtaket i kommunestyret 16.10.08 om ikkje å innvilge konsesjon til Arvid Kvisterø m/fl på kjøp av gnr 114, bnr 1. Innvilging av konsesjon på kjøpet ville m.a. stride imot konsesjonslova sine føremål.

Klaga vert oversendt fylkeslandbruksstyret til vidare handsaming.

**Saksutgreiing:**

Eivind Raknes, Bjørn Rune Forsland, Arvid Kvisterød og Dag Eivinf Opstad søkte 15.08.08 om konsesjon på kjøp av Drynasundhaug gnr 114, bnr 1 i Midsund. Eigarskapet til eigedomen skulle overførast frå noverande eigar til eit aksjeselskap som dei fire skulle skipe. Ved ev. innvilging av konsesjon måtte det difor setjast som vilkår at aksjeselskapet formelt vart danna og at konsesjon vart tildelt selskapet.

Eigedomen er eit gardsbruk på totalt 146 da. Av dette er 31,9 da fulldyrka jord. Jordbruksareala har vore vekklegd i lengre tid. Bruket har eit våningshus frå 1824, eit forretningbygg oppført i 1946 og eit eldre sjøhus. Den avtala kjøpesummen er 870000 kroner.

Midsund kommunestyre gjorde i møte 16.10.2008 følgjande vedtak:

*Midsund kommunefinn ikkje å ville innvilge konsesjon til Arvid Kvisterød m.fl. på kjøp av Drynasundhaug gnr 114, bnr 1 i Midsund slik saka ligg føre.*

*Midsund kommune ser positivt på at det vert etablert ei reiselivsverksemd med basis i den tidlegare handelsstaden på Dryna. Ein vil difor be om at bruken av areala vert avklåra gjennom ein reguleringsplan eller ev. ein delingsøknad.*

Søklarane innleverte ei klage på vedtaket 12.11.08. I klaga vart det opplyst at det ville bli ettersendt ei meire omfattande grunning .

Midsund kommune har motteke eit vedlegg datert 17.03.09. Det har dessutan vore gjennomført ei synfaring 01.04.09 der ordførar,rådmann og landbrukskonsulent var til stades.

Søklarane ber i vedlegget om at søknaden vert teke opp til ny handsaming avdi kommunen sine arealopplysningar er feil og dei ønskjer å tydeleggjera kva planer dei har for egedomen.

Det vert opplyst at gruppa har ein kapital på 4 mill kroner til rådvelde og at 3 mill kroner skal disponerast til reovering og oppgradering.

Det vert vidare opplyst at arealet fulldyrka jord er 22 da,bygningane har stor historisk verdi og det hastar med å få ta vare på dei.

Det vert vurdert å flytte historiske bygningar til tunet. Dei ønskjer at innmarka kan brukast av gardsbrukarar på Søre Midøy til dei ev. tek den i bruk sjølve. Det vert synt til bruk av dyrka jord i reiselivssamheng,husdyrhald/opplevingar,hestar/ridning og kolonihagar i kombinasjon med hytte.

Det vert synt til at kommunen ikkje synes å legge vekt på tilbodet til gardbrukaren som driv jorda om å forlenge leigeavtalen og at det ikkje vert lagt vekt på behov for å nytte jorda til aktivitetar som styrkjer reiselivsverksemda.

Det vert til slutt peika på at ein må ha ein samansett kompetanse for å utvikle ei reiselivsbedrift med utgangspunkt i ein historisk stad og at dei har valt å organisere arbeidet innanfor eit AS som konsesjonslova gir heimel for.

### **Vurdering:**

Dei arealoppgåvene som ligg til grunn for kommunen si sakshandsaming er henta frå Institutt for skog og landskap sine gardskart. Ein kan ikkje sjå at desse karta har vesentlege feil. Ein forstår det slik at søklarane har samanstilt dei føreliggande dyrkings og grøftingsplanene og kome fram til eit anna areal fulldyrka jord. Det er imidlertid ikkje all dyrkajorda som har behov for grøfting eller som er dyrka i seinare tid og som det føreligg slike planer for.

Ein kan difor ikkje sjå at det er grunnlag for å handsome saka som ein ny søknad. Klaga bør difor takast opp til handsaming.

Sjølv om det vert teke fram døme på bruk av jord i reiselivssamnheng og at det er planer om å flytte bygningar inn i tunet,er det ikkje synt at eigarskap til jordbruksareala er av gjerande for at det kan utviklast ei reiselivsverksemd.

Det vert synt til at forlenging av leigeavtalen på jorda ikkje vert lagt vekt på av kommunen og at kommunen meiner at den aktuelle gardbrukaren skal få rett til å kjøpe ein del av jorda ved ei ev. frådelling av jordbruksareal.

Konsesjonslova har som føremål å regulere og kontrollere omsetnaden av fast eigendom for å oppnå eit effektivt vern av landbrukets produksjonsareal og slike eigar og bruksforhold som er mest gangeleg for samfunnet ut frå framtidige generasjonars sitt behov, landbruksnæringa, behov for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturverninteresser, friluftinteresser og omsynet til busetjing.

I forarbeidet til konsesjonslova og gjennom handsaming av klagesaker i Statens landbruksforvaltning er det lagt til grunn at det er eit nasjonalt mål at landbrukseigedomar i størs mogleg grad vert ått av personar som bur på og driv sine eigedomar.

Oppkjøp av jordbruksareal for utleige er i strid med dette målet.

Dersom det vert framja ein søknad om frådeling av jordbruksareal, skal søknaden handsamast etter 12§i jordlova (deling) og kjøparen må innvilgast konsesjon. Midsund kommune har ikkje teke stilling til kven som ev. ville få innvilga konsesjon på kjøp av jorda.

Dersom eit aksjeselskap vert eigar av ein landbrukseigedom kan aksjar i selskapet kunne ervervast konsesjonsfritt av personar utan tilknytning til landbruksnæringa.

Konsesjonslova §9 opnar for at det kan innvilgast konsesjon til selskap. I forarbeidet til konsesjonslova vert det peika på at det er behov for bestemmelsar som legg til rette for fleksible løysingar i forhold til den tradisjonelle eigarformen der dette byr på føremoner. Som døme vert det nemnt felles tiltak og driftsselskap.

Lova opnar imidlertid for at det kan innvilgast konsesjon også i andre tilfelle. Ev. ulemper som aksjeselskap medfører i konsesjonssamanheng kan avhjelpast ved konsesjonsvilkår.

Kommunen kunne ev. vurdere å innvilge konsesjon ut frå næringsaktivitet/busetjing dersom jordbruksareala hadde vore ein naudsynt del av drifta og det vart knyta vilkår til busetjing og omsetnad /eigarskap til selskapet.

Det er imidlertid ikkje synt at eigarskap til jordbruksareala er naudsynt for å kunne utvikle reiselivsverksemda. Å innvilge konsesjon til eit aksjeselskap på kjøp av gnr 114, bnr 1 vil difor m.a. vere i strid med konsesjonslova sine føremål.

Geir Gøncz  
rådmann

Nils Edvin Sanden  
Konsulent landbruk

**Vedlegg (prenta):**

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2009/59-6

Arkiv:

Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen  
Orvik

Dato: 14.04.2009

**Saksframlegg**

**Kommuneplan for Midsund 2010-2022, vedtak planprogram**

<b>Utvalsak</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
09/25	Formannskapet	21.04.2009
09/29	Kommunestyret	30.04.2009

**Forslag til vedtak:**

Midsund kommune vedtek planprogrammet slik det ligg føre som grunnlag for utarbeiding av samfunnsdelen av kommuneplan for Midsund.

**Behandling i Formannskapet - 21.04.2009**

Samrøystes som i forslag til vedtak.

**Vedtak i Formannskapet - 21.04.2009**

Midsund kommune vedtek planprogrammet slik det ligg føre som grunnlag for utarbeiding av samfunnsdelen av kommuneplan for Midsund.

## **Saksutgreiing:**

Kommunestyret gjorde i møte 19.2.09, sak 09/ 4 følgjande vedtak;

1. Kommunestyret sluttar seg til rådmannens opplegg for innhald, organisering og framdrift for rullering av Kommuneplan sin samfunnsdel 2010-2020.
2. Forslag til Planprogram for kommuneplan for Midsund 2010-2020 leggjust ut til offentleg høyring i perioden 19.02.- 06.04.2009.

## **Høringsinnspel:**

I tråd med Plan og bygningslova blei forslag til planprogram lagt ut på høyring. Høyringsfrist var satt til 6.4.2009. Det kom inn 1 munnleg og 2 skriftlege innspel. Innspela er kort referert og kommentert ( i kursiv) nedanfor.

**Tidlegare teknisk sjef Mona Aagaard-Nilsen** viser til at siste rullering av kommuneplan sin samfunnsdel var i 1994, med godkjenning seinhausten i 1994. I saka vart det sagt at dette sist skjedde i 1989.

*Rådmannen tek dette til vitande.*

**Møre og Romsdal fylke** har gjeve eit omfattande høyringsinnspel som går både på planprogrammet og planarbeidet. Generelt meiner dei at saksutgreiing, tilråding og prosessvedtak ikkje bør vere del av planprogrammet som politikarane vedtek. Dette for å skape eit klart skille mellom planprogrammet sitt materielle innhald, og sjølve planprosessen.

*Rådmann meiner det er enkelt å skille saksframlegg og forslag til planprogram i framlagde sak. Ei høyring av planprogram vil innehalde sjølve saksframlegget, og fylket si tilråding vil difor vere eit unaturleg skille av dokumenta.*

Planprogrammet bør vere meir detaljert med omsyn til kva for lag/ organisasjonar som skal involverast. Fylket tek opp medverknad særskilt frå barn og ungdom, men og frå dei med nedsett funksjonsevne. Fylket føreslær at det vert utarbeidd ein eigen strategi i planprogrammet som omhandlar medverknad frå born og unge.

*Dette er ein unødig omfattande og tidkrevjande prosess i Midsund. Interesse til born og unge vert teke i vare ved at prosjektleiar for kommuneplan og er utvalssekretær for Ungdomsrådet. I tillegg til ansvar for ungdoms- og folkehelseiltak i kommunen.*

*Kommunestyret sin borne og ungerepresentant i plansaker er trekt med i arbeidet, og oppmoda til å delta på plansamling gjennom Møre og Romsdal fylke våren 2009.*

*Forslag til planprogram har vore til behandling i ungdomsrådet, eldrerådet, råd for funksjonshemma. I tillegg er det utsendt med oppfordring om høyrings svar til alle vela, idrettslaga, næringslaget, slekt- og historielaget, jeger- og fiskeforeininga, bondelaget med meir. Det er og presentert på Vaksenopplæringa for framandspråklege og internasjonal cafe.*

Fylket meiner planprogrammet bør opplyse om kvar grendemøta skal arrangerast. Rådmannen finn ei nærare datofesting av grendemøtar i planprogrammet vanskeleg. Ei tidfesting til aktuell månad er vurdert som tilstrekkeleg med tanke på behov for avklaringar av datoar, lokalar, aktørar, tema med meir.

Fylket meiner planleggar har satt av for lite tid til å utarbeide sjølve dokumentet, at tida vert knapp i høve lovkrava i Plbl om offentleg ettersyn, og framdriftsplanar bør ta høgde for at planarbeidet kan ta meir tid enn det vart tenkt. Dei meiner framdriftsplanen må reviderast. Rådmann føreslær å justerer framdriftsplanar slik;

<b>Aktivitet</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Tid i 2009</b>
Vedtak planprogram	Kommunestyret	30.04
Utarbeide forslag til kommuneplan;	Rådmann	mai - september
Oppstartsseminar/ framtidsscenario	Rådmann	primo juni
Grendemøtar om ulike tema	Rådmann	juni
Politisk behandling forslag til kommuneplan	Kommunestyret	november
Høyring	Rådmann	november-desember
Vedtak kommuneplan	Kommunestyret	februar 2010

Strategiplana bør vere såpass detaljert at den kan nyttast som arbeidsreiskap. Vidare ønskjer fylket at Midsund kommune i arbeidet med plana skal følgje opp dei satsingar som fylket sjølv har fokus på innan kulturminnevern, friluftsliv, kulturmiljø, folkehelse, kultur- og naturbasert reiseliv/ turisme, natur- og miljøvern utfordringar som følgje av klimaendringar, strukturendringar innan landbruk, fokus på tettstadutvikling, universell utforming og samfunnstryggleik.

*Rådmann vil så langt som råd ta omsyn til dette i arbeidet med sjølve kommuneplandokumentet, og ha fokus på dette i møte med innbyggjarane på grendemøta med meir. Rådmannen ser det som lite tenelig om allereie no å sette opp ei liste over kva for tema og tilhøyrande drøftingsspørsmål kommuneplanen til slutt skal innehalde. Utveljinga av fokusområde og utfordringar vil skje gjennom ein invitasjon til innspel om dette.*

*For å framstå som kommunens prioriterte områder, bør tema som skal inngå i kommuneplanen sitt høringsutkast vere få, ”spissa”, ha eit langsiktig perspektiv, men også vere relevante for den neste fireårsperioden. Kommuneplanen skal vere ambisiøs. Det vil likevel vere viktig å avgrense planen til å omfatte saksområde kor det er rimelig grad av lokal og kommunal påverkingshøve.*

*Det vil bli tatt initiativ til å starte rullering av kommuneplana sin arealdel, når samfunnsdelen er politisk behandla i februar 2010. Det vil då bli utarbeid eit eige planprogram for kommuneplanen sin arealdel.*

**Midsund næringslag** er positiv til det framlagte planprogrammet og til behovet for ein kommuneplan. Ber om at ein i planarbeidet ser nærare på:

- ✓ mulige næringsatableringar til mekanisk industri
- ✓ utviklinga av reiselivslaget

I tillegg til grendemøter og allmøte ber næringslaget om at også einskilde aktørar i næringslivet vert oppfordra til å kome med innspel. Ber tilslutt om at det vert lagt opp til god deltaking frå Midsund næringslag gjennom planprosessen.

*Innspela fra Midsund næringslag og Midsund vekst er i samsvar med intensjonen i planprogrammet, og vil innarbeide omsyna i planarbeidet*

### **Vurdering:**

Dei innkomne høyringsinnspel endrar ikkje planprogrammet i det vesentlege, og rådmann tilrår at Kommunestyret godkjenn endeleg planprogram med dei justeringar og presiseringar som går fram av denne sak.

**Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Ingen

Geir J. Göncz  
rådmann

Ann-Heidi Paulsen Orvik  
rådgjevar

**Vedlegg (prenta):**

Høyrings svar frå Møre og Romsdal fylke, datert 31.03.09

Høyrings svar frå Midsund Næringslag, datert 14.4.09

Planprogram for Kommuneplan Midsund 2010-2022, datert 20.02.09

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**

Møre og Romsdal fylke, Fylkeshusa, 6404 Molde